



Bjørn Steffen Thorsen
Løypetona 37
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1399 - 21/32174

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
10.05.2021

Kommentar til korreks til uttale frå landbruksavdelinga til søknad om dispensasjon frå arealføremål - 323/3 Frekhaug

Tidlegare uttale gitt til søknad står fast, men har prøvd å kommentera noko av det som kjem fram i skrivet frå dykk.

I samband med kommuneplanen vert ulike interesser vegd mot kvarandre, og til sist er det kommunestyret som vedtek arealdelen. Landbrukskontoret medverka ikkje til at dette arealet vart lagt ut som grøntstruktur, og kjenner heller ikkje til bakgrunnen for dette. Me medverkar i mange planprosessar, men landbruk er berre ei av fleire interesser som vert vurdert.

Sjølv om paragrafane for omdisponering og deling ikkje vil gjelda når området er lagt ut til grøntstruktur gjeldt resten av jordlova. Formålsparagrafen heimlar t.d ikkje aktivitet , men gjer forklaring av kva omsyn ein skal ta til til ulike interesser jf § 1.Føremål

Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.

I saker der landbruksavdelinga gjev uttale er det mellom anna interessene som kjem fram av føremålsparagrafen som vert vurdert i tillegg til gjeldande landbrukspolitikk og statlege og regionale retningslinjer.

Det er positivt at garden vert drive, og plikta til å driva gjeld så lenge arealet er jordbruksareal. Den kan oppfyllast med bortleige i dykkar høve ved at Magnar Askeland brukar areal. Omgrepet arealressursar omfattar ulike ressursar både jord, skog og bygninga eller rettar. Det er difor relevant å sjå bygningar og jord i samanheng.

Når det gjeldt sal har sjølvstilt ikkje landbruksavdelinga noko innverknad på det, men med dagens situasjon vil det innebæra å selja 323/3 samla. Ei eventuelt frådelling gjev ein ny matrikkeleining, og den vil då kunna omsetjast fritt uavhengig av resten av garden.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune Plan og byggesak

Mottakarar:

Bjørn Steffen Thorsen

Løypetona 37

5918

FREKHAUG